

Referat

Foreldremøte

(del 2)

1. og 2. trinn , torsdag 18.09.14

Austebrygd skule

Saker:

Foreldrerekurs for 1. klasseforeldre.

Torunn orienterte.

Leseopplæringa 1. trinn

Me lærer både stor og liten bokstav.

Bokstaven har namn og lyd .

Me lærer plassen hans i bokstavhuset.

Øva på bokstavane me har lært kvar dag er viktig.

Øva på å syngja lydane saman til ord.

Øva på å høyra/finna ord med bokstaven i.

Finna ut kor lyden er i ord; Først , midten eller sist.

Viktig å lesa for og saman med barnet.

Lat eleven lesa til deg, t.d. du litt, barnet litt og delar av teksten.

Sjå etter like ord i teksten , finna bokstavar i teksten.

Snakk om teksten, kva de les om, begrep er viktig å læra.

Lesing for barnet gjev ei god stund saman.

Det er ekstremt viktig at de les leseleksa med barnet kvar dag. Det har stor betydning for kor flink barnet vert i lesing, og lesing trengs i alle fag etter som ein kjem høgare opp i klassane.

Lesefremjande tiltak

«Sol»

Elevane vert sola 2 gongar pr. år. Me sjekkar kor langt dei er komne i lesinga (kva steg) og me set inn tiltak på dei aktuelle stega elevane er på.

Veileda lesing

Me les i grupper delt etter nivå, øver teknisk lesing, forståing og begrep.

Kartleggjingsprøvar

Vert tekne i april/mai.

Me arbeidar med å få dei verta flinkare lesarar. Her er det svært viktig at foreldra les leseleksa skikkeleg saman med barnet kvar dag. Det vil heilt sikkert få barnet til å verta raskare ein god lesar, så der har de og ein viktig jobb å gjera.

Kvar dag les me 15 minutt stille, og elevane er vorte flinke til å faktisk lesa i bøkene. Dei får bruka ulike lettlesbøker og biblioteksbøker.

Veileda lesing

Elevane vert delte i grupper etter nivå .Dei les tekstar saman med lærar, får vita korleis dei bør lesa, snakka om innhaldet og begrep me finn i teksten. Resten av klassen har høvande oppgåver dei sit og arbeidar med . Dette vert snart oppstarta. Me har øvd på å kunna arbeida åleina før me byrjar på veileda lesingsopplegget.

Rekning 1. trinn

Me arbeidar med begrep , høg-låg, lang-kort, oppe-nede osb.

Mengdebegrep, fleire/færre, like mange....

Me byrjar på teljing, snart kjem tala.

Me brukar konkretar for å få dei til å skjøna, det kan de og gjera. Telja sauier, bord , stolar osb.

Det endar opp med pluss og minus med tala 0-20.

Årsplanar/Læringsmål/Kriteriar

Desse finn de på foreldresida på iits learning. (Brukarnamn: 1.-2.trinn
Passord: Livsdisiplar)

Matematikk, norsk og engelsk vert lagt ut etter kvart som vekene går med kriteriar for kva som skal til for å oppnå måla.

Resten av årsplanane ligg heile der.

Læringsmål med kriteriar.

Skal visa i kor stor grad eleven meistrar læringsmålet. Er han i startgropa, undervegs eller i mål? Eleven og foreldre sjekkar heime, medan eg sjekkar på skulen. *Så er det til å finna kva som kan få han til å koma seg vidare på vegen mot «grønt».*

Skulekvardagen.

Startar med «Dagplanen», der elevane får vera smålærar, d.v.s. spørja kva dag det er o.s.b. , og dei som svarar får hengja opp lappane på dagplanen. Har vorte flinke å opptre av dette trur eg eg kan sei.

Me har 15 minutt stillelesing kvar dag, enten i lag eller åleina. Då prøver eg å få sjekka litt lekser, ha samtale med dei eller anna so treng litt tid.

Ingen deling i år, så elevane har måtta trena på å arbeida sjølvstendig medan eg har undervisning med den andre gruppa. Har no fått 4 timer med assistent, Gunhild, så då kan eg få hjelp til øving etter gjennomgåing.

Elevane har *ansvarsoppgåver* og er flinke både til dei og felles rydding.

Viktig at alle har skrivesaker og bøker med seg, då det tek ekstra tid med å låna blyantar o.a. Det er betre å få ein rutine på at alt er i sekken når ein går på skulen. Kanskje ein saman med barnet kan pakka og sjekka at alt er i sekken dagen før.

Klassemiljø

Fin gjeng. Stort sett går det greitt. Nokre er veldig opptekne av kva andre gjer gale og gløymer seg sjølve.....

Me har arbeidd litt med hemmeleg ven, skal ha meir av det.

Målark er og i gang, og personlege tilpasningar skal og inn på dei.

Verkar glade og nøgde.

Interesserte og flinke til å arbeida.

Åtferd

Snille og greie. Nokre har ein tendens til å gå bort til sidemannen, koma bort til meg for å visa og spørja etc. Me må tenkja på at sjølv om me er få , så må me ha same reglar som om me var ein stor skule. Dei skal jo vidare i større klassar etter kvart, og.

Uteskule/kle

Elevane har vore flinke til å ta på seg gode kle og har med seg kle etter veret.

Skule-heim samarbeid om eleven

For at eleven skal koma vidare, er det viktig at skulen og heimen arbeidar på lag. Er det noko eleven må øva ekstra på, må heimen gjera det og. Er det noko heimen melder om , må skulen ta omsyn til det.

Ikkje nøl med å ta kontakt.

Diskusjon:

På foreldremøta er det mykje informasjon frå skulen. Korleis kan me få til ein meir tovegs kommunikasjon der foreldra også kan få bidra meir?

Me vart samde om at gode idear kan gjevast til klassekontakten før neste foreldremøte.

Klassekontaktane:

Gapahuken på Hokle: Klassekontaktane informerte om at det trengs dugnad for å gjera denne ferdig, men at det vert teke opp på foreldrerådsmøtet.

Ref. Liv O. Vetås

Referat

Foreldremøte

1. og 2. trinn , torsdag 18.09.14

Austebrygd skule

Saker:

Lesefremjande tiltak

«Sol»

Elevane vert sola 2 gongar pr. år. Me sjekkar kor langt dei er komne i lesinga (kva steg) og me set inn tiltak på dei aktuelle stega elevane er på.

Veileda lesing

Me les i grupper delt etter nivå, øver teknisk lesing, forståing og begrep.

Kartleggingsprøvar

Vert tekne i april/mai.

Norsk/lesing 2. trinn.

Me arbeidar med å få dei verta flinkare leسارar. Her er det svært viktig at foreldra les leseleksa skikkeleg saman med barnet kvar dag. Det vil heilt sikkert få barnet til å verta raskare ein god lesar, så der har de og ein viktig jobb å gjera.

Me har fått nytt leseverk i år, litt vanskelegare tekstar og meir interessante oppgåver. Eg sjekkar ut kor dei meistrar leseleksene, og foreldra kan gjerne lesa saman med barnet. Lat dei eventuelt lesa ein del av teksten åleine etterpå.

Årsplanar/Læringsmål/Kriteriar

Desse finn de på foreldresida på iits learning. (Brukarnamn: 1.-2.trinn
Passord: Livsdisiplar)

Årsplanar i matematikk, norsk og engelsk vert lagt ut etter kvart som vekene går med kriteriar for kva som skal til for å oppnå måla.

Resten av årsplanane ligg heile der.

Læringsmål med kriteriar.

Skal visa i kor stor grad eleven meistrar læringsmålet. Er han i startgropa, undervegs eller i mål? Eleven og foreldre sjekkar heime, medan eg sjekkar på skulen. *Så er det til å finna kva som kan få han til å koma seg vidare på vegen mot «grønt».*

Skulekvardagen.

Startar med «Dagplanen», der elevane får vera smålærar, d.v.s. spørja kva dag det er o.s.b., og dei som svarar får hengja opp lappane på dagplanen. Har vorte flinke å opptre av dette trur eg eg kan sei.

Me har 15 minutt stillelesing kvar dag, enten i lag eller åleina. Då prøver eg å få sjekka litt lekser, ha samtale med dei eller anna so treng litt tid.

Ingen deling i år, så elevane har måtta trenna på å arbeida sjølvstendig medan eg har undervisning med den andre gruppa. Har no fått 4 timer med assistent, Gunhild, så då kan eg få hjelp til øving etter gjennomgang.

Elevane har *ansvarsoppgåver* og er flinke både til dei og felles rydding.

Viktig at alle har skrivesaker og bøker med seg, då det tek ekstra tid med å låna blyantar o.a. Det er betre å få ein rutine på at alt er i sekken når ein går på skulen. Kanskje ein saman med barnet kan pakka og sjekka at alt er i sekken dagen før.

Diskusjon:

På foreldremøta er det mykje informasjon frå skulen. Korleis kan me få til ein meir tovegs kommunikasjon der foreldra også kan få bidra meir?

Me vart samde om at foreldra kan gje melding til klassekontakten når det nærmar seg neste foreldremøte dersom nokon har gode idear.

Gapahuken på Hokle:

Klassekontaktane informerte om at det trengs dugnad for å gjera denne ferdig, men at det vert teke opp på foreldrerådsmøtet.

Ref. Liv O. Vetås